

Vekeplan for 4.trinn

50

Læringsmål

Sosialt	Eg veit nokre lure ting eg kan gjere viss eg blir sint.
Norsk	Eg kan skrive samanhengande skrift.
Matematikk	Eg kan rekne divisjon med oppstilt metode.
Engelsk	Eg kan noko om engelskspråklege julesongar.
Naturfag	Eg veit kvifor det er viktig å ha eit godt immunforsvar.

Lekser denne veka:

Til tysdag	Til onsdag	Til torsdag	Til fredag
Norsk: Les i Salto lesebok. Månetekst: s. 146 Soltekst: s. 147-149 Les teksten høgt to gonger.  Matematikk: Gjer treningslista. Gym 4B Pakk gymklede, såpe og handkle.	Norsk: Les i Salto lesebok. Månetekst 2: s. 201 Soltekst 2:s. 204-205 Les teksten høgt to gonger.  Matematikk: Gjer treningslista. Symjing for gruppe 4. Mat og helse for gruppe 1. Dei må ha med seg forklede. (Sjå gruppene på Showbie).	Øv på songane til julegudstenesta og julesamlinga. Dei som skal lese i kyrkja øver på det dei skal lese. Ikkje ta med ipad i dag  Dei som skal i kyrkja, må hugse å møte direkte i kyrkja kl. 08.15. Dei andre møter på skulen til vanleg tid	Norsk: Les minst 15 minutt i valfri bok. Skrivelelse: Skriv ein setning til kvart av øveorda nedanfor. Matematikk: Gjer treningslista. Lever på skulen. Lever skriveboka med skriveleksa. Gym 4A Pakk gymklede, såpe og handkle.  God helg!
Måndag 13.25 Tysdag 12.15	Onsdag 13.40	Torsdag 13.40	Fredag 12.15

Vekas ord: samanhengande skrift, divisjon/deling, immunforsvar, hausttakkefest

Øveord: veldig, vanskeleg, viktig, tidleg, eigentleg, vanleg, heldig, dårleg

English: Christmas - jul, goose - gås, stocking - julesokk, mice - mus, chimney - pipe

Info:

- Torsdag 14.desember er det skulegudsteneste. 4.trinn har ansvar for noko av innhaldet på gudstjenesten. I den anledning, ønskjer me at alle har på seg kvit overdel (skjorte, jumper, t-skjort...). Alle som skal i kyrkja, møter direkte der kl. 08.15. Dei som ikkje skal i kyrkja, møter på skulen til vanleg tid, her blir det ei julesamling. Etter gudstenesten og julesamlinga, går trinnet til Toreskogen. Her er det nokre foreldre som kjem med graut som serveres ca.kl.10.30. Dei elevane som ikkje vil ha graut, har med seg vanleg matpakke. Alle tek med seg drikke sjølv, gjerne saft. Sjå info ang skulegudstenesten på neste side.



- **Minner om foreldreundersøkinga!**

Reflekskonkurranse

Morgonane og kveldane er nå mørke, hugs refleks til både store og små!

Frå etter haustferien er det reflekskonkurranse i samarbeid med FAU. Den klassen som er best på refleksbruk vinn ein pengepremie frå FAU!

Helst vil vi alle skal bruke refleksvest, men andre godt synlege refleksar er og godkjent.

Elevane må ha meir refleks enn kun det som er på sekken.

Me bruker avkryssingslister som heng oppe, der elevane krysser seg sjølv av kvar morgon.



- Har de spørsmål, kan de ta kontakt med oss på Visma.

Ha ei fin veke!

Helsing oss på 4.trinn

Frå leiinga:**«Kulturformidling**

Torsdag 14.desember tilbyr Kleppe skule julegudsteneste i Klepp kyrkje og julesamling i aulaen for elevane. Skulen er av UDIR oppfordra til å leggje til rette for at elevane skal kunne delta på skulegudsteneste i samband med høgtider. I Overordna del – verdier og prinsipp for grunnopplæringa kapittel 1.2 står det mellom anna: «Skolen skal gi elevane historisk og kulturell innsikt og forankring, og bidra til at kvar elev kan ivareta og utvikle sin identitet i eit inkluderande og mangfoldig fellesskap.» Å delta på gudsteneste eller andre tradisjonelle feiringer av høgtider kan vere ein del av dette.

For dei elevane som ikkje ønsker å delta på gudstenesta, vert det eit likeverdig livssynsnøytralt tilbod på skulen. Verken det livssynsnøytrale tilbodet eller gudstenesta er ein del av KRLE-faget.

Innhaldet i det likeverdige livssynsnøytrale tilbodet vil vere eit pedagogisk opplegg der elevane lærer om kultur og tradisjon i Noreg. Det vil bli fellessamling i aulaen med tema jul, samlinga vil innehalde både lesestund, song og aktivitetar knytt til tema.

Påmelding skjer ved at føresette går inn på Visma føresett og krysser ja eller nei til skulegudsteneste.

Dersom dette er gjort tidlegare år treng de ikkje å gjere det på ny.

På grunn av liten plass i kyrkja ber vi om at føresette ikkje blir med.»